

Valen Kraftverk AS
c/o Kvinnherad Energi AS
Vikjo 7
5464 Dimmelsvik

Olje-og energidepartementet
Akersgata 59,Postboks 8148 Dep.
0033 OSLO

KLAGE PÅ NVE SINE VEDTAK AV 24.04.2014 OM UTBYGGING AV VALEDALEN KRAFTVERK OG OVERFØRING AV SITAUTEVATN

Valen Kraftverk AS syner til brev frå NVE av 24.04.2014,dykkar ref.201100802-49,motteke 29.04.2014,der ein får avslag på søknad om konsesjon for utbygging av Valedalen Kraftverk og overføring av Sitautevatn.Avslaga er nerare grunngjeve i NVE sine KSK-notat nr. 38/2014 for Valedalen Kraftverk, KSK-notat nr.37/2014 for overføring av Sitautevatn og KSK-notat nr.25/2014 for felles vurdering av alle søknadane i Folgefonnpakka.Prosjekta ville auka produksjonen i tidlegare utbygde vassdrag og er å rekna som opprustnings-og utvidelsesprosjekt,dvs eit O/U-prosjekt.

NVE meiner kriteriane i vassressurslova §25 ikkje er opfylt for nokon av prosjekta, fordi skader og ulemper for allmenne og private interesser er større enn fordelane ved tiltaka.Valen Kraftverk deler ikkje dette synet, og vil nytta retten til å klaga begge vedtaka inn til Olje-og energidepartementet for ny handsaming.

Klagen skal sendast OED,men først innom NVE, ved same sakshandsamar, for ny handsaming,før klagen endeleg går til OED.Valen Kraftverk ønskjer difor eit møte med NVE og departementet før endeleg vedtak i klagesaka.

Innleiing

Valedalen Kraftverk skjer i eit vassdrag der det har vore kraftproduksjon sidan 1909,og såleis alt påverka av kraftutbygging,overføringar og reguleringar.Kraftverket vil utnytta fallet mellom reguleringsmagasinet Valedalsvatn og inntaket til Valen Kraftverk som i dag ikkje er utnytta.Utbygginga er eit O/U prosjekt, og vil ha ein gunstigare produksjonsprofil enn i eit vanleg elvekraftverk,fordi ein her utnyttar regulert vassføring frå Valedals-og Vetledalsvatnet.

Utbygginga vil vera i tråd med overordna nasjonale og internasjonale mål for utbygging av fornybar energi og ein positiv bidragsytar i klimasamanheng, der ein produserar 7,4 GWh årleg fornybar energi for alt.1 og 5,6 GWh årleg fornybar energi for alt.2, der vel 60% er vinterproduksjon. For alt.1 er det lagt opp til ei minstevassføring, som tilsvarar vanleg lågvassføring heile året, mot ingen minstevassføring i dag. For alt.2 er det ingen minstevassføring, men nedstraums kraftstasjonen vert vassføringa som i dag.

Overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn er eit tiltak for å auka vasskraftproduksjonen i Valedalselva. Denne overføringa vil auka produksjonen av fornybar energi med 1,6 GWh årleg, der ein del vil vera vinterproduksjon, og går ut på å overføre Sitautevatn til Småstølsvatn utan regulering.

Kommentarar til KSK-notat nr. 38/2014 Valedalen Kraftverk

Avslaget på søknaden om konsesjon for Valedalen kraftverk er frå NVE si sida i det alt vesentlege grunngeve slik:

1. Belastning på eit alt eksisterande regulert vassdrag
2. Landskap
 - a. Skepsis til bygging av anleggsveg og vidare vegbygging inn til Valedalsdammen
 - b. Open røyrgate over svabergpartiet og nedgravd røyrgate på nedre del av røyrtraseen
3. Lokale fiske og friluftsinnteresser

Punkt 1:

NVE brukar dette momentet som eit argument mot at det bør gjevast konsesjon. Etter vår vurdering er dette eit klart argument for at det skal gjevast konsesjon til Valedalen kraftverk. I tillegg til at det ligg klare politiske føringar til grunn for utnytting av allereide utbygde felt i vasskraftutbygging (såkalla O/U-prosjekt), er det vår klare oppfatning at det er vesentleg betre med inngrep i eit vassdrag som dette, kor det alt er gjort vesentlege vassdragsinngrep, enn i urørde felt. Samstundes gir utbygginga ein samfunnsnyttig og sær god utnytting av vasskraftressursen, i og med at den regulerte vassføringa frå Valedalsvatn i dag vert utnytta på den resterande fallstrekninga.

Sportsfiskaren i Kvinnherad seier det så klart i høyringskommentarane: »Valedalen er i dag sterkt preget av utbygging, både med demningar, vegar, røyrgetrassar og 2 kraftliner på 300 kilovolt gjennom dalen. Elva ned dalen er og sterkt påverka av tidlegare kraftutbygging. Det er etter vår meining difor ikkje grunnlag for å seie nei til ei vidare utbygging i Valedalen.»

Punkt 2 a og b:

Av dammsikkerheitsmessige omsyn er det behov for omfattande rehabilitering av dammar Valedalsvatn. Dette var også peika på i konsesjonsøknaden utan at NVE tok omsyn til det i si handsaming. Sjølv om rehabiliteringa av Valedalsdammen ikkje direkte har noko med konsesjonsøknaden å gjera, kan ikkje NVE berre velja å sjå bort frå dette. NVE har vektlagt vegbygging mykje i sitt avslag på søknaden. Dette meiner me er urimeleg ettersom vegen i alle høve må byggjast i samband med pålagd utbetring av dammane ved Valedalsvatn.

Valedalsvatn hovuddam er ein tørrmura murdam med største høgde ca. 12 meter og kronelengde på 117 meter. Dammen har oppstraums tetting med ei 0,15 meter tjukk betongplate. Den er bygd i fleire etappar i perioden 1909-1941. Valedalsvatn overløpsdam er ein tørrmura murdam med oppstraums betongtetting. Dammen har største høgde på ca. 8 meter og kronelengde på 94 meter. Overløpet er 28,7 meter langt.

Begge dammane ved Valedalsvatn er plassert i konsekvensklasse 2.

Med heimel i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (dammsikkerheitsforskrifta) § 7-5 er revurderinga godkjent av NVE 12.12.2012. Det er gjeve ein frist på 5 år for gjennomføring av tiltaka dvs. 31.12.2017. Tekniske planar for utbetring og ombygging av dammane er under arbeid og vil verta sendt til NVE innan juni månad i år. Her er det søkt om framføring av veg inn Valedalen og opp til Valedalsvatn. Kopi av søknaden vil verta sendt konsesjonsavdelinga til orientering.

Ei slik godkjenning reknar ein med er ein formalitet, då dammen er gamal og ikkje tilfredstillar regelverket i dag. Arbeida som skal utførast er av ein slik storleik at dei ikkje vil kunna gjennomførast veglaust, slik at framføring av veg vil vera ein sentral føresetnad. For at arbeida på Valedalsdammen skal kunna gjennomførast innan tidsfristen frå NVE, må vegen byggjast i 2015.

Med omsyn til utbyggingsalternativ 1, så er det ikkje nokon føresetnad med permanent veg lengre enn til kraftstasjonen. Vegen vidare vert utløyst av kravet for damrehabilitering, samt framtidig tilsyn og vedlikehald.

Påstanden om at anleggveg og nedgraving av røyr på nedre del av røyrsgata vil gi «uforholdsmessig store sår» i terrenget, meiner me gir eit lite ballansert inntrykk av den faktiske situasjonen langs vassdraget i dette område som i dag:

- er periodevis heilt tørrlagt på øvre del. I tørre år kan tørrlagt periode utgjera over 2 månader
- har eit vassføringsregime som er langt borte frå det naturlege og uregulerte
- har veg inn til Elvedammen
- har ein nesten 15 m høg dam på Valedalsvatn
- har to 300 kV kraftliner som kryssar vassdraget like nedstraums Elvedammen
- fører bort alt vatn ved Elvedammen utan minste vassføring

Me meiner desse momenta syner at elvestrekninga allereie er prega av utbygging, og me kan på denne bakgrunn heller ikkje sjå at nedgraving av røyrsgata på nedre del vil redusera området sin verdi nemneverdig.

Når det gjeld den øvre delen av røyrtraseen, vart det på eit tidleg tidspunkt i prosessen vurdert om denne kunne leggjast i sprengt grøft. Me vurderte det då imidlertid slik at såra dette ville gi i landskapet ville vera større enn om røyra vart lagt på fundament og malt i ein anonym farge. Denne vurderinga meiner me framleis er rett. At dette fører til store inngrep i sårbart høg fjell, er me ikkje samd i. Rett nok er det burt i røyrtraseen, men det veks tre heilt opp til og delvis rundt Valedalsvatn, dei stadene det finst lausmassar. Sjå t.d. figur 8 i søknaden. Ellers kan me nemna at i

Hattebergsdalen Kraftverk (Muradalen), som ligg i Hattebergsdalen Landskapsvernområde, godkjende NVE denne løysinga for kort tid sidan, med farga røyrgate lagt på fundament. Sjølv om denne røyrgate hadde vesentleg større dimensjonar er det etter det ein kjenner til, ikkje kome negative kommentarar på denne.

Ei utbygging med røyr på fundament over dette svaet vil likevel vera synleg, og i flg. OED sine retningslinjer bør slike inngrep i sårbart høgfjell unngåast. Dette gjeld i sårbart høgfjell som er svært synleg. Me meiner røyrgate ikkje er svært synleg fordi den ligg nedstraums dammen på Valedalen og ligg heller ikkje i sårbart høgfjell. Antall turgåarar forbi her er også for det meste avgrensa til dei som skal vitja hyttene rundt Valedalsdammen.

NVE kan stilla krav om avbøtande tiltak. Me har difor sett på ein alternativ løysing der vassvegen på denne strekninga vert lagd i eit bora hol i fjell. På grunn av for liten fjelloverdekking på den nedre del, må boreholet forast med røyr. (Pr. i dag forar ikkje td. Norhard delar av borehol, berre heile røyrgate). Kostnadane vil då auka med om lag 4 MNOK. Dette vil gi ein auke i utbyggingsprisen frå 3,82 for alt. 1 og 3,66 for alt. 2 til om lag 4,3 kr/kWh for begge alternativa. Teknologien for foring av borehol er ny og er framleis på utviklingsstadiet, dette gjer at det enno er ein del uvisse om ei slik løysing.

Punkt 3:

I grunngevinga til NVE er fiskeinteressene langs Valedalselva ein viktig grunn for avslaget. Strekninga mellom botn av stryka ned frå Valedalsdammen og innløpet i Elvedammen er om lag 0,9 km. Me stiller oss spørjande til at denne korte elvestrekninga skal kunna « redusere fiskeinteressene i nærområdene til ein stor brukerguppe vesentlig » Etter vår meining er NVE si vurdering av elva sin verknad på fisk overdreue. Ved synfaring langs elva ser ein at det ikkje er oppgådde fiskestiar langs elva på denne strekninga. Stien som går i dette dalføre frå Elvedammen går dei første 200-300 metrane på venstre sida og 20-50 meter frå elva, for så og vinkla meir til venstre opp lia, fleire hundre meter frå elva, og kjem fram av fureskogen når ein nermar seg Valedalsdammen og går vidare inn til Valedalshytta og endar ved Vetledalsvatn. Sjå oversiktskart under vedlegg 2 i søknaden. Etter vår lokalkunnskap er fiske og friluftinteressane i dette området i all hovudsak knyta til hytta ved Valedalsvatn.

Sportfiskaren Kvinnherad, som NVE kallar den store brukargruppa, er eit uavhengig lag for sportfiskarar og andre. Dei skriv i sin høyringsuttale m.a. at laget har to satsingsområder, Nesjastølsvatnet og Opsangervatnet. Når det gjeld områda denne søknaden omhandlar har dei ingen planar om kultivering og liknande. Det kan nemnast at Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag, som har eit langt høgare medlemstal enn Sportsfiskaren Kvinnherad, samt Valen jakt og fiskelag, som er stasjonert i Valenområdet, ikkje fann grunn til å koma med merknader til nokon av søknadane til Valen Kraftverk, noko me tek som prov på at verknadane er overdreue.

NVE skriv på side 2, nest siste avsnitt m.a. » Det omsøkte tiltaket vil utnytte vannet mellom reguleringsmagasinet og Stemmelandsdammen/Elvedammen slik at det på denne strekningen vil det kun gå minstevassføring etter en utbygging. » Dette gjeld berre alt. 1. For alt. 2 vil det vera vassføring som i dag nedstraums kraftstasjonen (dvs. mellom kraftstasjonen og elvedammen). Det vil vera produksjonen i eksisterande Valen Kraftverk som vil regulera luka i Valedalsdammen, og såleis vassføringa nedstraums kraftstasjonen i alt. 2. Slik fungerer det også i dag. Når luka vert stengt i dag

og det ikkje er overløp er elvestrekninga nedstraums Valedalsdammen tørrlagd, bortsett frå naturleg tilsig. Det vert ikkje slept «tilstrekkelig vann for å opprettholde en fiskebestand som er levedyktig i området og som er til glede for sportsfiskere i området» slik NVE skriv på side 2, siste avsnitt. Ved alt.1 vil det i alle fall vera minstevassføring og for alt.2 vassføring som i dag.

I gjennomsnitt er luka i Valedalsdammen stengt over ein periode på 1-2 veker årleg, men det er store variasjonar frå år til år, og i tørre år vil periodane med tørrlegging vera vesentleg lengre. T.d. var det i 1996 over 100 dagar med tørrlegging. Desse periodane er i dag det som er den største risikoen for at fisk skal overleva på denne strekninga. Med ei utbygging vil tilhøva for fisken bli betre i desse periodane, fordi det skal sleppast minstevassføring på 23 l/s. I resterande del av tida vil vassføringa bli redusert for alt. 1 samanlikna med i dag, men minstevassføringa og resttilsiget (i meddel 0,18 kubikkmeter pr sek.) vil sikra eit vassspeil og kontinuerlig vassgjennomstrauming i kulpane nedover i elva. Dette vil vera nok for å oppretthalda ein lokal bestand bekkaure.

Det kan også nemnast at Valen kraftverk etter høyringa har tilpassa prosjektet for å betra gyteforholda for fisk, med å flytta røyrgate og vegtrase lengre bort frå elva, for alternativ 1, innanfor det som er teknisk og økonomisk forsvarleg i den øvre delen av prosjektet. I tillegg vil ein kunna leggja små gytebekkar i røyr under veg og over nedgraven røyrgate.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, som det også er synt til i NVE si vurdering, er fisk og fiske i Hordaland verdivurdert, basert på kriteria frå OED-rettleiaren. Verdisettinga tar utgangspunkt i tabell 4 i OED-rettleiaren og supplert med kriteria for Hordaland fylke. Her heiter det for tema og kjelde for fisk og fiske av stor verdi:

- ✖ Nasjonale laksevassdrag
- ✖ Vassdrag med sikre storaurebestandar
- ✖ Vassdrag med anadrom fisk og store fiskeinteresser
- ✖ Vassdrag med innlandsfisk og store fiskeinteresser

For tema og kjelde for fisk av middels verdi heiter det:

- ✖ Vassdrag med små bestandar av innlandsfisk og noe fiskeinteresser
- ✖ Vassdrag med anadrom fisk utan vesentlig fiskeinteresse

Bekkauren det er snakk om nedstraums Valedalsdammen er mellom 8 og 15 cm og truleg i liten grad nytta til mat. Etter OED sin rettleiar kan verdisettinga etter vår meining ikkje bli større enn middels verdi. Me deler ikkje NVE si vurdering at det er gode gyte- og oppvekstområde av god kvalitet her som vert berørt, og at vassdraget vert å plassera som vassdrag med innlandsfisk og store fiskeinteresser.

NVE er samd med fleire av høyringspartane som hevdar området har kvalitetar både når det gjeld landskap, landskapsoppleving og friluftsliv. Verdien av eit område for friluftsliv vil i stor grad vera subjektiv. Heile området for tiltaket vert rekna som middels viktig for friluftslivet i fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland. Forum for natur og friluftsliv i Hordaland (FNF), og som NVE vektlegg i si vurdering, syner til at det årleg i gjennomsnitt er registrert 3400 besøkjande. Etter at det kom veg heilt fram til Elvedammen i 2008 har antal besøkjande auka til over det dobbelte. Vår erfaring, som

har tilsyn med anlegga opptil fleire ganger i veka, er at dei fleste stoppar ved hytta ved Svartatjørn eller ved vegg ende ved Elvedammen. Dei som går vidare fortset til hytta ved Valedammen, og då kanskje for å fiska i Valedalsvatn og eventuelt overnatta der. Nokre få går også til Vetledalen. Hyttene ved Svartatjørn og Valedalsvatn var ophaveleg bygd som anleggsbrakker. Valen kraftverk har framleis rett til å bruka hytta ved Svartatjørn.

Me kan også nemna at i samband med ny veg til Elvedammen er det Valen kraftverk som har tilrettelagt og kosta dei fleste av rasteplassane oppover langs vegen, for å leggja tilhøva til rette så godt som mogleg for brukarane. Vegen opp til Elvedammen har vore populære og er den direkte årsak til den store auken av besøkjande til området. Vegen legg også til rette for at dei «svakaste» kan koma seg opp i fjellheimen og få fysisk aktivitet kombinert med naturoplevelsar. Sjølv om Fylkesmannen og ein del organisasjonar ikkje ønskjer meir veg i Valedalen er det også mange som ønskjer vegen vidare velkommen.

NVE hevdar at tiltaket vil ha verknad på innfallsportane til fjellområda Englafjell-Mjelkhaug. Me er usamde i at dette tiltaket har innverknad på dette fjellområdet. Turstiane til fjellområda Englafjell-Mjelkhaug går ikkje inn Valedalen. Me legg ved kart over området i målestokk 1:50 000, der me har fått hjelp frå turmedlemmer i Kvinnherad turlag, til å teikna inn dei mest brukte rutene til området Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa og Handelandshorja/Sitauten. I vedlegg 2 i søknaden ligg også eit oversiktskart der vegen inn til Valedalen er teikna inn. Som ein ser går vegen parallell med røyrgate og vegtraseen, før den vinklar til venstre og går opp i skogen fleire hundre meter frå røyrgate- og vegtraseen, før den kjem fram att når ein nermar seg Valedalsdammen. Det er difor feil det NVE hevdar at røyrgate og veg vert godt synleg frå turområda. Røyrgate vil i avgrensa omfang verta delvis synleg nedstraums Valedalsdammen. Krava om dammutbetring vil dessutan utløysa veg heilt fram til dammen.

Kommentarar til KSK-notat nr. 37/2014 overføring av Sitautevatn til Valedalsvatn

Fylkesmannen i Hordaland har fremja motsegn til overføringa frå Sitautevatn av omsyn til friluftsliv, landskap og tap av INON, medan dei folkevalde i Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune er positive til overføringa. Mange andre lag og organisasjonar er også m.a. oppteken av tap av INON og konsekvensar for fisk og friluftsliv. NVE legg stor vekt på at inngrepet vanskeleg kan avbøtast med tiltak og at sårbart høg fjell med stor verdi vert berørt. NVE meiner tiltaket vil skapa varige sår i terrenget og peikar på at revegetering vil ta lang tid. Dessutan hevda NVE at tiltaket vil vera med å påverka viktige friluftsområder i fjellområdet Ulvanosa og Englafjell-Mjelkhaug.

Valen kraftverk stiller oss noko spørjande til NVE si vurdering av at tiltaket gir store og varige sår i landskapet. Overføringa er planlagt utført med borehol, som bare vil vera synleg i kvar ende, samt eit lite deponi. Tersklane som er tenkt bygd, blir i steinfarga betong og av små dimensjonar (mindre enn ein meter) og difor på ingen måte dominerande i terrenget, og slett ikkje frå fjellområdet Ulvanosa-Englafjell-Mjelkhaug. Når det gjelder revegetering, vil me innvenda at dette er eit fjellområde som framstår som godt og med lite vegetasjon (sjå fig. 5-6 i søknaden for Sitautevatn). Me kan difor ikkje sjå at revegetering er eit tema som har avgjerande vekt i denne samanhengen. Boreslam vil etter kort tid framstå som «leira» og setja seg. Etter å ha teke bort toppvegetasjonen og stadlege massar, som

faktisk finst der deponiet er tenkt plassert, og som skal leggjast tilbake igjen over deponiet og såast til, meiner me det ikkje vil vera nemneverdige negative konsekvensar for avrenning av boreslam for fisk. Det er feil det NVE hevdar at deponiet skal plasserast på bart fjell.

Me er overraska over at auka vassmengd i Småstølsvatn ikkje får fleire positive enn negative følgjer, og då spesielt for turgåarar i Valedalen, som vil sjå ein finare bekk, med større vassføring frå Småstølsvatn ned til Valedalsvatn. I tillegg til dette vil vassstanden i Sitautevatn verta uendra.

Kommentaren om at fiske i Børsdalen skal bli negativt råka av at ein fører bort vatn frå Sitautevatn meiner me er feil. Som dokumentert i søknaden er restvassføringa allereide ved toppen av Bergsdalsrusta på 60%. Ved utløpet av Bergsdalsvatnet nedstraums Bergsdalsrusta blir restvassføringa på heile 95%. Vidare nedover elva aukar restvassføringa meir. Me meiner det er lite truleg at ein så liten endring i vassføringa skal ha noko verknad på fisket i dette vassdraget, og meiner NVE sine kommentarar på dette punktet er feil.

Generelle kommentarar

Generelt er Valedalen kraftverk overraska over konsesjonsavslaga på tiltak som med moderate terrenginngrep gjev auka kraftproduksjon i eit allereide regulert vassdrag. Valedalen kraftverk vil også hevda at NVE fokuserar og vektlegg for mykje dei høyringspartane som er imot prosjektet, som Fylkesmannen i Hordaland og dei ulike naturvernorganisasjonane, og forlite dei folkevalde organa som Kvinnherad Kommune og Hordaland Fylkeskommune, der eit stort fleirtal støtta ei full utbygging av Valedalen Kraftverk og overføring av Sitautevatn. Dei fleste av høyringspartane kan dessutan vera med på ei utbygging av Valedalen kraftverk etter alt.2.

For å vurdere kriteria i vassressurslova § 25, for å gi eller avslå konsesjon, må ein få fram fordelar og ulemper for allmenne og private interesser ved tiltaket for å vurdere om konsesjon kan gjevast. OED sine retningslinjer på dette området opnar opp for skjøn og vil vera svært avhengig av sakshandsamar si vurdering. Kva NVE byggjer si grunngeving på burde kome betre fram i KSK-notatet. (fordeler og ulemper vekta opp mot einannan). Me synest NVE i denne saka har lagt forlite vekt på fordelane av tiltaka, og vil spesielt trekkja fram at kraftproduksjonen kan transporterast fram til brukarane på eksisterande høgspenlinjer med ledig linekapasitet.

KSK-fellesnotat nr. 25/2014 finn me ikkje grunn for å kommentera på nytt, fordi grunngevingane for dei ulike konsesjonssøknadane er referert i KSK-notat nr 37 og 38. NVE sin konklusjon av siste del av siste avsnitt på side 50, under NVE si vurdering av Valedalen kraftverk med overføring frå Sitautevatn, der det heiter m.a.: »Fisken er avhengig av jevnt driv av bunndyr og andre insekter i sitt næringssøk», og »tema fiske har vært av stor betydning for konsesjonsspørsmålet» er vanskeleg å forstå når ein veit at det i dag ikkje er slepp av minstevassføring, og at elva mellom Valedalsdammen og Elvedammen er tørrlagd mange dagar i året. NVE skriv at dei legg til grunn at det er minstevassføring i dag, noko det ikkje er. Korleis kan det då vera ei livskraftig lokal aurebestand? Utan minstevassføring vil det også vera lite mattilgang for fisken. Harmonerar dette med NVE si plassering av dette vassdraget til vassdrag med innlandsfisk og store fiskeinteresser?

Me syner elles til våre kommentarar til høyringsfråsegna av 02.09.2013 og då spesielt felleskommentarane.

Oppsummering

NVE si grunngjeving for avslag på konsesjonssøknaden til Valen kraftverk as er i det alt vesentlege tufta på belastning på eit alt eksisterande regulert vassdrag, skjemmande veg og røyrgate.Redusert fiske og friluftsliv og inngrep i inngrepsfrie naturområde INON.

Belastning på eit alt eksisterande regulert vassdrag:

Det ligg klare politiske føringar til grunn for utnytting av allereide utbygde vasskraftanlegg.Dette er eit klart argument for at det skal gjevast konsesjon.

Veg:

I høve rehabilitering av Valedalsdammen vil det måtta byggjast veg heilt fram til dammen.Denne vegen vil også kunna brukast i høve ny kraftstasjon i Valedalen og ikkje minst til framtidig vedlikehald.

Røyrgate:

To tredelar av røyrgata i alt.1 vert nedgraven og då for det meste i same trase som veg til dammen.Røyrgata i dagen vert kammufiert med gråfarge og vert omlag lik for alt.1 og 2.Denne løysinga vart akseptert i Hattebergsdalen landskapsområde og må såleis også kunna nyttast her.Eventuelt kan NVE krevja røyrgata profilbort i fjell,som avbøtande tiltak, noko som vil auka kostnadane med om lag 4 millionar kroner.

Fisk:

Fiskeinteressene langs Valedalselva var ein viktig grunn for avslaget.Etter Valen kraftverk si vurdering er elva sin verknad på fisk overdreve.Ved å tilretteleggja gyteforholda og slepp av minstevassføring for alt.1 (alt.2 vert omlag som i dag) vil fiske mellom Elvedammen og kraftstasjonen omtrent oppretthaldast som i dag.Vassdraget må verdsetjast etter kriteria frå OED-rettleiaren, som vassdrag med små bestandar av innlandsfisk og noko fiskeinteresser,dvs. tema og kjelde for fisk av middels verdi.

Friluftsliv og INON:

Heile området for tiltaket er i fylkesdelplanen for små vasskraftanlegg i Hordaland rekna som middels viktig for friluftsliv.Etter at det kom kjøreveg fram til Elvedammen i 2008,har antall besøkjande meir enn dobblast.Turstiane til fjellområda Englafjell-Mjelkhaug går ikkje inn Valedalen,og har såleis heller ikkje verknad på innfallsporten til desse fjellområda.INON-soner vert redusert med om lag 6% ved Sitautevatn

Valen kraftverk vonar NVE vil vurdere konsesjonssøknaden på nytt, og ønskjer sterkt eit møte der ein får diskutera vore synspunkt, og sjå kva eventuelle løysingar som finst, før saka vert sendt vidare til OED for endeleg avgjerd.

Valen Kraftverk AS, c/o Kvinnherad Energi AS, Vikjo 7, 5464 Dimmelsvik, 04.06.2014


Hans Martin Hjelmeland

(dagleg leiar)

e-post : hans@kvinnherad-energi.no

mobil : 916 63 655


Terje Enes

(kontaktperson)

e-post : terje@kvinnherad-energi.no

mobil : 917 30 025

Vedlegg:

Kart over dei mest brukte turstiane.



